

7. september 2017

## **Varsel om oppstart av detaljregulering for Roskoglia hyttefelt, del av 16/13 – Fyresdal kommune**

I medhald av lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008, § 12-8 blir det med dette varsla om oppstart av arbeid med områderegulering for nytt hyttefelt i Roskoglia i Birtedalen på vegne av grunneigar av gnr 16 bnr 13 i Fyresdal kommune.

Planområdet ligg på nordsida av Birtedalsvegen om lag 1 km frå krysset i Løkjedalen og er vist på vedlagt kartutsnitt med avgrensing. Planarbeidet er i samsvar med kommuneplanens arealdel, vedtatt 19.06.2014.

Målet med planen er å regulere for hytter og vegar i feltet. Det leggst opp til middel sanitær standard med utslepp av gråvatn. Det vil bli utarbeida egen vatn- og avlaupsplan for området. Området vil bli delt opp i fleire byggetrinn.

Planarbeidet vil fylgje dei føresegner og retningsliner som går fram av gjeldande arealdel for Fyresdal kommune. AT skog as har hatt oppstartsmøte med Fyresdal kommune i førekant av arbeidet, og har fått klarsignal om å varsle oppstart av planarbeidet. Oppstartsmøte vart gjennomført 31.08.2017.


Planarbeidet vil starte opp omgåande. Framlegg til detaljplan er tenkt oversendt kommunen for handsaming i løpet av 2018.

Vi ynskjer at dei som har interesser i området og meiningar om kva som er viktig å ta omsyn til, gjev innspel om dette. Kommenterar/ merknadar til planarbeidet skal sendast skriftleg til **AT- skog AS, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal** eller på e-post [mg@atskog.no](mailto:mg@atskog.no) innan 23.10.2017. Nærare opplysingar kan ein få ved å kontakte Mona Gundersen på tlf 957 94 342.

Beste helsing  
for **AT Skog AS**

Mona Gundersen

**Vedlegg:** Kartutsnitt med planavgrensing



Rødt område er reguleringsplanområdet.

### Varselliste:

Sverre Haraldson Breivik	Birtedalsvegen 1333	3870 Fyresdal
Stein Helge Lassemo	Birtedalsvegen 2481	3870 Fyresdal
Fylkesmannen i Telemark	Statens hus	3708 Skien
Telemark Fylkeskommune	Fylkeshuset	3706 Skien
Statens vegvesen, Region sør	Serviceboks 723	4808 Arendal
Mattilsynet	Dyrskuplassen	3840 Seljord
Vest Telemark kraftlag	Høydalsmovegen 815	3891 Høydalsmo
Fyresdal kommune	Fyresdalsvegen 2231	3870 Fyresdal